

Møte i fagleg rådgjevande utval Breheimen. Kommunehuset i Skjåk, 12. september 2023.

Dei som er markert med grøn farge deltok på møtet:

Fagleg rådgjevande utval Breheimen			
Grunneigarorgan / forvaltningsorgan / beiteinteresser	Repr.	Fast representant	Vararepresentant
Ein grunneigar repr. frå Skjåk	1	Magne Håvard Forberg	Kristen Dagsgard
Ein grunneigar repr. frå Luster	1	Willy Vigdal	Hilde Øvreås
Ein grunneigar repr. frå Lom	1	Jo Kolbjørn Sulheim	Oluf Kvalshagen
Statskog SF og fjellstyra i Lom og Luster	1	Åsmund Galde	Hilde Hammer
Villrein- og tamreininteresser			
Reinheimen-Breheimen (Ottadalen) villreinutvalg	1	Birgit Bilstad	Kjell Egil Ramstad
Lom tamreinlag	1	Ingrid Sulheim	Bjørn Ola Vaagaasarøygard
Informasjonsorgan			
Norsk Fjellsenter i Lom	1	Mai Bakken	Thea Grobstok Dalen
Breheimsenteret i Jostedal	1	Christine Wilms	Anna Zäll / Oda Sperle
Frluftsorganisasjonar			
DNT Oslo og Omegn	1	Andrea Vestvik	Tor Martin Stenseng
Bondelaga			
Ein representant frå alle bondelag og bonde- og småbrukarlag i kvart fylke	1 Vest 1 Aust	Jon Øvreås Laurits Ørjasæter	Inger Marie Ensrud Lars Brennhau
Naturvernorgan			
Naturvernforbundet	1	Ket Fossen	Tom Ording Dahl
SUM TOTAL	12		
Administrativt kontaktutval			
Skjåk kommune		Tor Taraldsrud	
Lom kommune		Sander Sæhlun	
Luster kommune		Marte Meland	
Vestland fylkeskommune			
Innlandet fylkeskommune			
Breheimen nasjonalparkstyre / SNO Breheimen			
Nasjonalparkforvaltar Breheimen		Stein Grevrusten	
Nasjonalparkforvaltar Breheimen		Aina- Elise Bolstad Stokkenes	
Styreleiar Breheimen nasjonalparkstyre		Edel Kveen	
Statens naturoppsyn Breheimen		Jo Trygve Lyngved	
Statens naturoppsyn Breheimen		Liv Byrkjeland	

Edel Kveen, styreleiar i Breheimen nasjonalparkstyre, innleia møtet. Nasjonalparkforvaltara fortalde om forvaltningsordning, og generelt om verneverdiar.

Statens naturoppsyn ved Jo Trygve Lyngve fortalde om villreinen i Breheimen. Gjennom årlege variasjonar i bruk av areala viser villrein at dei brukar store områder i Breheimen nasjonalpark. Villreinen er under hardt press frå fleire kantar. For å få betre kontroll på dei ulike faktorane som påverkar villrein er det også etablert ei kvalitetsnorm for villrein. Dette er eit "trafikklys-system" som mellom anna vil seie noko om eit villreinområde har god, middels eller dårleg kvalitet. Reinheimen-Breheimen villreinområde kom ut med gul farge/middels kvalitet.

Det føregår fleire prosessar på nasjonalt og regionalt nivå når det kjem til villrein. Regional plan for villrein i Reinheimen- Breheimen villreinområde har blitt oppdatert og viktige funksjonsområder for villrein er satt i fokus. Desse fokusområda er trekt fram, både i kvalitetsnormen og regional plan, som dei viktigaste for villrein i Breheimen nasjonalpark: Bredalen (trekkroute, ny Strynefjellstunell), Strynefjellet (trekkroute), Framrusti (trekkroute), Sota (trekkroute), Lomseggen (samblanding med tamrein), Sognefjellet (trekkroute mot Vest-Jotunheimen)

Det er satt i gong eit arbeid med ei stortingsmelding for villrein. I samband med dette arbeidet har nasjonalparkforvaltninga i Reinheimen og Breheimen v/styreleiarar og villreinutval/villreinnemnd spelt inn utfordringsbilete frå Breheimen. Innspela går på konkrete forslag til tiltak som kan forbetre tilhøva for villrein både på nasjonalt område, men også på lokalt område.

FNF og Naturvernforbundet v/Tom Ording Dahl fortalde om grottene i Dumdalen. Dahl fortalde om fleire grotter som er i austleg del av nasjonalparken, generelt er desse langt i frå eksisterande infrastruktur. Grottene i Dumdalen er delvis prega av slitasje og menneskeleg ferdsel.

Nasjonalparkforvaltar fortalde om besøksstrategien som er lagt ut på høyring. Høyringsfristen er 16. oktober. Besøksstrategien skal legge til rette for og styra bruken i Breheimen nasjonalpark slik at opplevinga for dei besøkande og den lokale verdiskapinga vert størst mogleg, forståinga av vernet vert auka og verneverdiane vert ivaretekne. Dersom det er motstridande målsettingar skal verneverdiane tilleggas størst vekt. Kunnskapsgrunnlaget for besøksstrategien viser at Breheimen nasjonalpark har utfordringar knytt til desse emna; villrein, fugl, kulturminne, geologi, kulturlandskapet, vegetasjon- og terrengslitasje.

Verna natur er ettertrakta og det er fleire store verneområde rundt Breheimen som gjennom tung satsing på reiselivet rundt generera truleg meir besøkande til Breheimen. Gjennom brukarundersøking i 2016 kom det fram at ei reise til Breheimen ofte er planlagt i over 3 månadar i forkant, og informasjon ofte vert funnen på internett. Dei besøkande var interessert i informasjon om turforslag, kart, spesielle attraksjonar og landskap samt kulturhistorie. Når dei besøkande kom til Breheimen gjekk ein oftast dagsturar, helst om sommaren langs tydelege merka stiar. Naturoppleving, oppleve villmark, sjå dramatisk landskap og føle friheit og fred og ro var dei grunnane som skåra høgast på lista for å besøka Breheimen.

Med bakgrunn i målsetjingane for arbeidet med besøksforvaltning og kunnskapsgrunnlaget er det overordna målet med besøksstrategien i Breheimen å finne ein god balanse mellom å sikre og ivareta verneverdiane i eit 200-årsperspektiv, gje gode opplevingar for dei besøkande gjennom besøkssenter, innfallsportar og digitale plattformer, samt gjennom ulik tilrettelegging der dette er naudsynt og ønskjeleg, samt leggje til rette for at lokal berekraftig verdiskaping kan skje innanfor gjeldande regelverk. For å nå desse måla vil ein blant anna kanalisere ferdsel til områder som toler høgt besøkstrykk, bruka informasjon som eit verkemiddel for å redusere bruk av sårbare områder og vurderer om stiar og løyper som er i konflikt med verneverdiar bør leggjast om eller fjernast.

Gjennom å gje brukarane god og spissa informasjon i alle ledd (før besøk, undervegs og i verneområdet) vil ein gje gode opplevingar for dei besøkande gjennom informasjon og tilrettelegging. Ein vil fokusera på "kundereisa" ut frå Norsk Fjellsenter i Lom og Breheimsenteret i Luster. Etablere "Kundereisa" Skjåk; Norsk Fjellsenter (start) Vidare til Dønfoss (utandørs informasjon) og til Sota (tilrettelegging) og ei "kundereisa" ut i frå Breheimsenteret (start), vidare til Skjolden (Utandørs informasjon) og vidare til Mørkridsdalen (tilrettelegging). "Kundereisa" Lom har allereie etablert kundereise frå Norsk Fjellseter til Sognefjellshytta (Jotunheimen nasjonalpark).

Ein vil legge til rette for lokal berekraftig verdiskaping ved å arbeide for å få eit tettare samarbeid med reiselivet og andre næringsaktørar, samt vurderer om det kan etablerast infrastruktur som er positivt for verneverdiane og som reiselivet også kan bruka for sine

besøkande. For å oppnå måla, har Nasjonalparkstyret i besøksstrategien sett opp ein tiltaksplan med beskriving og gjennomføringsperiode.

Desse innspela til besøksstrategien kom på møtet i fagleg rådgjevande utval:

- Informasjon og kommunikasjonsarbeidet bør satsast på, viktig at ein når ut med informasjon og invitera inn i dei områda og i dei samanhengane som er ynskjeleg. Ein må vera observant i høve korleis ein informera slik at dei besøkjande tek omsyn til informasjon, og ikkje om det verkar tiltrekkjande.
- I besøksstrategien står det "godkjende stiar", kva stiar er godkjende stiar?
- I høve tilrettelegging av stiar, er det betre med rundturar, enn lang tur til ein topp?. Besøkande vil då kanskje ynskje å gå vidare til neste topp og neste topp.
- Ferdsel vinterstid aukar i nokre områder, rådgjevande utval ynskjer at ferdselen vert registrert, spesielt rundt Sota Seter. Stiregistrering mellom Sota og Nørdstedalsæter bør gjennomførast ofte.
- Høydalen har store naturverdiar, og er sårbar for camping og meir ferdsel, samtidig er det avgrensa med parkeringsareal. Ein bør vurderer å ikkje å informere ved Jotunheimen Fjellstue, då det kan invitere besøkande inn i Høydalen, noko Høydalen ikkje nødvendigvis er klar for.
- Dumdalen
 - o Organisert ferdsel: Det er ynskje om å gjennomføre kurs for aktørar som bruker grottene. Det vart også stilt spørsmål om vi kan krevje at aktørar har "sertifikat" før dei kan drive med organisert ferdsel i grottene. Sekretariatet tek kontakt med miljødirektoratet for å avklare om det er mogleg.
 - o Det er utfordringar med sikkerheita med tanke på parkering ved inngangen til Dumdalen. Den mest brukte parkeringsplassen ligg i ein sving der det er høg fart. Burde heller bli lagt til rette for at parkering kan skje på sletta ved elva lenger vest.
 - o I grottene er det tidlegare fjerna stige, tau og boltar. Ny informasjon tilseier at det var tau og boltar i elvegrotta i 2022.
 - o Sjå på informasjon og skilting. Det kom eit innspel om betre skilting ved kvar grotte, og meir informasjon om grottene på nett. Dette har vore prata om tidlegare, men det må vurderast på nytt korleis dette skal bli løyst på best mogleg måte.
 - o Ferdselen i Dumdalen bør kanaliseras til ein av stiane.
- Sikkerheit og allemannsretten (retten og plikten) i nasjonalparken bør koma tydelegare fram i besøksstrategien.
- Skilting
 - o Håpløst å ikkje ha lov til å skilte om forbod i den nye merkevarestrategien. Det er viktig å påpeike det som ikkje er lov i eit verneområde.
 - o Ynskje om bandtvangsskilt under løveskilt i Mørkridsdalen LVO.
 - o Breheimsenteret manglar skilt om Breheimen.
 - o Plakat med kart på fjellsenteret er etterspurd frå besøkjande på fjellsenteret.
 - o Verneskilta (løveskilta) bør ha namnet til verneområdet under.

- Bruk kundereisa til kanalisere, mat og oppleving kan vera gode faktorar som ein kan spele på.
 - o Rundturen i aust er i dag slik: Lom-Dønfoss-Sota. Ein kan eventuelt sjå på å bytte ut Sota Seter med Billingen, eller knyte Billingen og Sota Seter saman gjennom gode mat og rundturopplevingar. Området rundt Sota seter og Billingen er fin rundtur for barnefamiliar. Merknad: Uheldig oppleving av besøkande oppførsel rundt ammekyr på Sota. Eigar har vurdert å endra til haustkalving, då vil det gå mindre kyr i området og truleg vil det føre til auka gjengroing. Forslag til å ta med i eventuell moglegheitsstudie.
 - o Ver obs på konkurransevriding når ein vel å marknadsføre den eine og ikkje den andre
- Fortun nasjonalparksenter er ikkje nemnt i besøksstrategien, og bør skrivast inn.
- Fjordstova på Skjolden ynskjer å behalda informasjon om Breheimen.

Generelle tilbakemeldingar:

- Fagleg rådgjevande utval bør ha møte oftare, sjå til Jotunheimen for opplegget deira fungera bra. Reiselivet bør inn i Fagleg rådgjevande utval for å sikre at de får informasjon om verneverdiar og ferdsel. Da kan også reiselivet presentere sine utfordringar.
- Utfordringar rundt ras etter "Hans". Skader er meldt inn til kommunen, men ikkje til forvaltningsmyndigheten.
- Det kan vera behov for meir informasjon knytt til vedtak, slik at vedtaket vert meir forståeleg med tanke på korleis ein tek omsyn til villrein. Villrein har blitt tolka til å vera nytta som eit vikarierende omsyn ved vedtak.
- Forslag om å endre verneforskrifta til å ta omsyn til villrein. Ferdelsrestriksjonar for å ta omsyn til villrein sine kalvingsområder er i andre verneforskrifter. Sjå til Setesdal-Vesthei.
- Skjåk Allmenning viser til ulike aktørar ynskjer postkassar, og då let ein dei ulike aktørane få setje opp postkassane i skoggrensa, og ikkje på snaufjellet, pga. villrein. Hjelp det å setje postkassa i skoggrensa og ikkje på snaufjellet,?
- Kommunalt merka stiar- ferdselsplan Skjåk og Lom lagar det no, Luster er i gong.